

Redusert byråkrati ved ombygging av våtrom



Frå 1. januar 2012 blir det enklare å byggje om våtrom. Dersom ombygginga ikkje rårer naboen sin eigedom, treng ein ikkje søkje kommunen.

Frå sommaren 2010 blei det søkjeplikt til kommunen når ein skulle byggje eller byggje om våtrom. Søkjeplikta førte til eit omfattande byråkrati i mange kommunar. I nokre tilfelle har kommunane kravd fire-fem godkjenningar for eit vanleg våtromsarbeid. No blir det endring i byggjeforskriftene.

- Fukt utgjer ein vesentleg del av skadane på bygg. På den andre sida har det blitt for mykje byråkrati knytt til å søkje om byggjeløyve. Fjerning av plikta til å søkje vil gjere det enklare for folk, samstundes som byggjekrava om kvalitet framleis gjeld.

Når plikta til å søkje fell bort, må eigaren sjølv ta eit privatrettsleg ansvar for arbeidet. Han må sjølv sikre kvaliteten gjennom kontraktar. Føretaka får ikkje sjølvstendig ansvar overfor kommunen. Eigaren kan ikkje be kommunen om ha tilsyn med føretaka, og ein kan ikkje lengre få ferdigattest for arbeidet.

Dei nye reglane gjeld berre når ein ikkje bryt brannskiljet. Ein må framleis søkje viss ein fysisk må gå gjennom vegg, golv eller tak hos naboen for å plassere nye sluk eller røyr.

Det blir ikkje plikt til å søkje for nye bad som ligg i tilbygg som er mindre enn 50 kvadratmeter. For heilt nye bygg vil det alltid vere søkjeplikt med krav om å nytte ansvarlege føretak. Dette omfattar også våtrom i nye bygg.

Les meir i eiga [pressemelding](#) frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) eller på [lovdata](#).

(09.12.2011)

Kontaktpersonar

[Turid Måseide](#), Tlf. 57643164

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger - 57 64 30 00 - fmsfpost@fylkesma
Organisasjonsnummer: N-974 763 907